

# SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar: Perdy Hesjevoll  
Arkivsaksnr.: 21/516-4

Arkiv: 223 C

---

## **Tilskot til kulturføremål 2021 - lokale arrangement/underskotsgaranti/instrumentkjøp**

### **Rådmannen si tilråding:**

Luster kommune vedtek at desse søkjarane får tilsegn om underskotsgaranti:

**Folkeakademiet Luster:** Jazzkonsert på Breheimsenteret kr 16 500  
Førjulskonsert i ei av kyrkjene i Luster kr 30 000

### **Sogn og Fjordane skogselskap:**

Stubbekonsert med aktivitetar for barn og unge kr 7 500

**Bergtattfestivalen as:** Bergtattfestivalen 2021 Avslag

Luster kommune vedtek at desse søkjarane får tilskot til instrumentkjøp:

Hafslo skule- og ungdomskorps: kr 2 384

Solvorn bygdalag, rockeverkstad for barn: kr 7 490

Rapporteringsfrist er 1. mars 2022. Tilskot som det ikkje er gjort krav på innan fristen, eller søkt om utsett rapporteringsfrist for, blir trekt inn.

Utgiftsførast frå budsjettpost 14726 108 38505 (kultursamarbeid) og 14710 108 23101 (aktivitetstilskot).

Eventuelle søknader som kjem inn seinare i 2021, blir handsama av rådmannen, etter delegert fullmakt.

## Saksutgreiing:

**Prenta vedlegg:** Reglement for tilskot til kulturføremål 2019 - 2022

**Uprenta vedlegg:** Søknader med vedlegg

## Samandrag:

Det er kome inn tre søknader om underskotsgaranti innan søknadsfristen 1. mars. Punkt 7a i Reglement for tilskot til kulturføremål omhandlar denne type søknader. Servering og dugnad inngår ikkje i tilskotsgrunnlaget og tilsegn om tilskot vert gjeve etter 1/3- regelen. Tilskotet er avgrensa til maks kr 30 000. Det er kome inn to søknader om tilskot til instrumentkjøp. Punkt 3 i reglementet omhandlar denne typen søknader.

**Utval som har vedtaksmynde:** Plan- og forvaltningsutvalet. Søknader seinare på året blir tildelt administrativt.

## Fakta:

Det er komme inn følgjande søknader:

Søkjjar	Budsjett	Søknadssum og tilråding
<b>Folkeakademiet Luster;</b> Jazzkonsert på Breheimsenteret i Jostedalen til sommaren og førjulskonsert i ei av kyrkjene i kommunen	Jazzkonsert Utg. musikarar kr 50 000 Bill.innt. kr 16 000  Førjulskonsert Utg. musikarar kr 100 000 Leige av kyrkje/markn.føring kr 15 000 Bill.innt. kr 80 000	Netto utgifter på jazzkonsert kr 34 000 Rådmannen tilrår tilsagn på kr 16 500  Netto utgifter til førjulskonsert kr 35 000 Rådmannen tilrår tilsagn på kr 30 000
<b>Sogn og Fjordane skogselskap;</b> «Stubbekonsert» framom ei hogstflate i Luster. Konserten er tenkt som ein familiedag arrangert i løpet av sommaren. Målet er å få mange menneske ut i naturen og med stubbar som sitjeplassar. Det vil bli aktivitetar som spikking, lage trebåtar, seljefløyter, kongledyr m.m.	Budsjett kr 25 000 (inkl. servering kr 2 000)	Søkjjar søkjer om kr 9 500 Rådmannen tilrår tilsagn på kr 7 500
<b>Bergtattfestivalen as;</b> Festivalområdet er Eksevollen med varierte tilbod som konsertar, arrangerte turar, yoga og kveldskonsert oppe på Berge.	Det vert søkt støtte til leige av lyd og lys, frakt av utstyr m.m. Bergtattfestivalen as fekk innvilga tilsegn om tilskot i 2019, men har ikkje sendt rapport innan frist. Søkaren har heller ikkje sendt inn elektronisk søknads-skjema innan fastsett frist.	Søkjjer om støtte på kr 30 000. Rådmannen tilrår at søknaden vert avslegen.
Instrumentkjøp:		
<b>Hafslo skule- og</b>	Har levert inn	Rekneskap kr 4 768

<b>ungdomskorps</b>	dokumentasjon/faktura for kjøp av trommesett.	Rådmannen tilrår tilsagn på kr 2 384
<b>Solvorn bygdalag</b>	Bygdalaget har kjøpt inn instrument til bruk i rockeverkstad for barn.	Rekneskap kr 14 979 Rådmannen tilrår tilsagn på kr 7 490

**Vurdering:**

Rådmannen har i sine vurderingar lagt til grunn at ein underskotsgaranti skal vera ei støtte for dei arrangørane som opererer med usikre inntekter og samstundes vil utvide det kulturelle mangfaldet av tilbod. Tilskot til instrumentkjøp er tilrådinga etter regelen om 50% av fakturerte utgifter.

Før ev. tilsegn vert utbetalte skal søkeren leggja fram rapport med rekneskap for tiltaket.

Dato: 26.03.21

Jarle Skartun  
rådmann

Erling Bjørnetun  
kultursjef

---

Særutskrift skal sendast:  
søklarane